

Sætersdal Tom Lennart  
Radøyvegen 69  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3802 - 14/10715

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no


Dato:  
06.05.2014

## Ber om tilleggsdokumentasjon til søknad om utviding av brygge - gbnr 134/135 Hilland

Det vert vist til Dykkar søknad motteken her 22.04.2014. Etter ein gjennomgang av det innsendte materialet, ser kommunen at det er tong for tilleggsdokumentasjon til søknaden.

### **Kommunen har gått gjennom søknaden, og ser at følgjande dokumentasjon må sendast inn:**

1. Omsøkte eigedom ligg innanfor kommunedelplan for Alverstraumen. Den delen av eigdommen som brygga ligg på, er avsett til landbruk, natur og friluftsområde (LNF). Brygga er og plassert i stid med kommunedelplanen si byggegrense mot sjø. Tiltaket krev dispensasjon både frå arealføremålet LNF og frå byggegrensa mot sjø.



Det grønne feltet på eigdommen er LNF område. Den stipla lina viser kor byggegrensa mot sjø går.

Dispensasjonssøknaden må grunngjevast og nabovarslast i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 21-3, jf. pbl § 19-1.

2. Etter ein gjennomgang av kommunen sine flyfoto i perioden frå 2008 til 2012, kan det sjå ut som eksisterande brygge er oppført i dette tidsrommet. Vi kan ikkje sjå at dette er omsøkt eller godkjent i våre arkiv. Dersom eksisterande brygge er oppført ulovleg, må det søkast om oppføring av heile bryggja. Det kan ikkje søkast utviding av ei brygge som ikkje er byggemeldt og godkjent frå før.



2008



2012

3. Dersom det skal sendast inn byggesøknad samtidig med søknad om dispensasjon, må dette sendast inn på søknadsskjema. Dette finn du på [www.dibk.no](http://www.dibk.no). Tiltaket må nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3. Dette vert gjort samla dersom du søker om dispensasjon og byggetiltak samstundes.

4. Både søknad om dispensasjon og søknad om oppføring av bryggje må innehalde situasjonskart som viser det tiltaket det vert søkt om. Situasjonskartet skal vera målsett, og må vise avstand til nabogrenser. Det må og sendast ved målsette teikningar av tiltaket.

5. Minner om at avstandskravet til nabogrene i utgangspunktet er 4 meter, jf. pbl § 29-4. Dersom tiltaket er plassert nærare må det anten leggjast ved samtykke frå nabo, evt. kan kommunen godkjenne tiltaket plassert nærare dersom det ligg innanfor vilkåra i pbl § 29-4 3.ledd bokstav b.

**Frist for innsending av dokumentasjon vert sett til 01.06.2014.**

Dersom dokumentasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakrar:**

Sætersdal Tom Lennart

Radøyvegen 69

5911

ALVERSUND